

Referent: Frøydis Ones og

Sigrid N. Bjercke

Dato 14.06.2022

Emne:	Områdeplan og områdeplan Indre Arna Storaneset	
Til stades:	Bergen kommune byplanavdelingen: Christian Hagerup Reinshol, Ann-Helen Nessen, Synne Jørgensen, Laila Rosseland Storaneset: David Bendiksen, Henning Larsen/Rambøll v/ Torstein Skauge Statsforvalteren: Skouen, Sarah Kvåle BaneNor: Sølvi Morvik, Ole Magne Kjellelvold, Gunnar Aase, Statens Vegvesen: Hilde Birgitte Kalleklev Vestland fylkeskommune: Eva Katrine R. Taule, Sigrid Næsheim Bjercke, Lasse Klæboe Kristensen, Gunhild Raddum, Anja Cathrine Wannag, Guro Steine, Peter Forras, Sigrun Wølstad, Berit Vik Politisk vald observatør VLFK : Arve Helle	
Forfall:		Sak: 2022/4000 Regionalt planforum 2022
Møtetid:	09.00- 12.00	Møtestad: Teams

#### Bakgrunn

Bergen kommune arbeider med to områdeplanar i Arna: Indre Arna som omfattar regionsenteret, og Storaneset (om lag 1 km nord for Øyrane torg) som det er ønskeleg å transformera. Arbeidet med områdeplanen for Storaneset er eit offentleg/privat samarbeid. Dei to planane har ulike framdriftsplanar, men det er tett samhandling i arbeidet med desse. Områdeplanen for Indre Arna skal leggjast fram for politisk handsaming før sommaren 2023. Planprogrammet for Storaneset områdeplan er under førebuing. Bergen kommune orienterte i møtet om dei to planarbeida som er i prosess. Kort oppsummert ønska Bergen kommune tilbakemelding på: Arna som regionalt senter, mobilitet, byggegrense mot sjø, og kva rolle museumsbanen skal ha i vidar utvikling av sentrale delar i Arna. For meir informasjon vert det vist til underlaget for møtet på nettsida til regional planforum.

#### Oppklarande svar på spørsmål etter presentasjonane:

Under behandlinga av KPA (arealdelen av kommuneplanen) var det eit politisk ønske om å ikkje fylle ut i Arnavågen. Storaneset kom inn i KPA som transformasjonsområde som ein del av byrådsbehandlinga. Denne endringa vart vurdert å vere av ein slik karakter at ny offentleg ettersyn ikkje var naudsynt.

Intensjonen for planarbeidet Indre Arna, er dei same som då planarbeidet starta opp i 2013. Det er difor ikkje utarbeidd planprogram, då aktuelle plantema som skal utgreiast er dei same og det er stram framdrift med leveranse neste sommar.

Grunneigarforholda på Storaneset er følgjande:

To grunneigarar har råderett over 70% av arealet. Desse er med i samarbeidssamtalen med Bergen kommune. Resten av arealet er eigd av 7 bedrifter. Dei er har valt 1 representant som dagleg leiar for Storaneset har tett dialog med.

Som ein del av planarbeidet Storaneset, skal grunneigarane leggje fram behov og ønske for den vidare næringsutviklinga på Storaneset. I samarbeidsavtalen som er inngått mellom private og Bergen kommune er det sagt at alternative nærings- og industriareal skal kartleggast nærare med tanke på relokalisering av verksemder på Storaneset. Dette arbeidet skal gå parallelt med planarbeidet.

## Tematisk gjennomgang:

### Regionsenteret og Storaneset

#### VLFK - Plan, klima, folkehelse:

Det er positivt at dei to planarbeida vert samkøyrte og at kommunen presenterer planarbeida i planforum i tidleg fase. Det føreligg eit grundig og godt kunnskapsgrunnlag for begge planarbeida. Transformasjon av Storaneset var ikkje del av høyringa av KPA 2018, og det er fyrst no høyringsinstansane vert presentert for den endra arealbruken og har difor generelle overordna merknader til planarbeidet som må leggjast til grunn for begge områdeplanane i det vidare.

Indre Arna har i tillegg til å vere bydelsenter, funksjon som regionsenter for Osterøy og Samnanger. Jernbanenett mot Bergen sentrum gjer dette området svært unikt som kollektivknutepunkt og staden bør styrkast som sentrumsområde. Planforslaget for Storaneset utfordrar anbefalt sentrumsavgrensing og lokalisering av funksjonar ut over det som er tilrådd i Regionale plan for attraktive senter i Hordaland. Det er innbyggjarar frå fleire stadar i Arna og tilgrensande kommunar, som skal til regionsenteret og forslag om å legge sentrumfunksjonar på Storaneset vil mellom anna kunne skape meir trafikk på lokalvegane og undergrave utvikling av Øyrane som sentrum. Arna har overvekt av familiebusstader i dag, og det er behov for leilegheiter og mindre busstader. Vi stiller spørsmål knytt til det å leggje små bueiningar til Storaneset framfor tilsvarande busstader i regionsenteret.

#### Bergen kommune:

Viktige funksjonar skal ikkje leggjast til Storaneset dersom dei bør vere i regionsenteret Indre Arna. Dette området kan heller ha funksjonar som det ikkje er plass til i Indre Arna/Øyrane torg. Kommunen ser eksempelvis at det ikkje er plass til så mange busstader som ønskjeleg. Det vert gjort eit viktig koordineringsarbeid mellom dei to planarbeida. Indre Arna planen ligg tidlegare i løypa, og arbeidet med Storaneset vil tilpassast dette. Etter kommunen sitt syn må viktige funksjonar til offentleg tenesteyting (kultur/idrett) m.m. leggjast til Øyrane området. Men det må gjerast prioriteringar på grunn av tilgangen av ledig areal. Kommunen har ikkje sett på moglegheiter for å evt. byggje ut etablerte skular i staden for å leggje dei til nye område. Men det er på generelt nivå ei avveging som må gjerast med omsyn til kva må vere i Øyraneområdet, og kva kan vere andre stader i Arna.

#### Storaneset eigedom:

Spørsmålet i denne samanheng er meir korleis kan vi sjå på Indre Arna og Storaneset som ein heilskap der det vert lagt til rette for mobilitet og kontakt mellom desse to områda

#### Statsforvaltar:

Det er viktig at utviklinga vert gjort på ein slik måte at det støttar opp om regional plan, byvekstavtale, og mobilitet. Storaneset må ikkje konkurrere med sentrum for Indre Arna. Dei to områda må heller utfylle kvarandre.

### Blågrønne strukturar

#### Statsforvaltar:

Bergen kommune har skissert fleire løysingar for ny gangforbindelse. Den beste løysinga er mellom-løysinga, som vart presentert, eller ein variant av den, lagt til den funksjonelle strandsona. Det treng ikkje vere eit poeng å gå ned til sjøen i heile området (heller ikkje i byggeområdet). Ei tilrettelegging av gangforbindelse som skissert må tilpassast kultur, miljø, landskap. Retningslinjer og krav i regelverket for konkretiseringa må leggjast til grunn for det vidare arbeidet. Sjå til statlege retningslinjer for strandlina. Desse opnar for tilrettelegging i strandsona. Det er ønskjeleg at det vert sett nærare på attraktiviteten til areala ved Øyrane torg. Kva kan gjerast langs strandsona i dette området?

Elva og sjøen er viktig på bakgrunn av at det er laks og aure i desse områda.

Det er viktig at gangveg som tema vert godt gjennomarbeidd i planarbeidet. Eksempelvis turveg vs gangveg.

av 4

## Kulturminne

### VLFK - Kulturarv

Områdeplan Indre Arna omfattar eit området som har mange funn av automatisk freda kulturminne. Det er viktig å få gjennomført undersøkingar før offentleg ettersyn for å unngå motsegn til planarbeidet.

Det er eit lite potensiale for å finne automatisk freda kulturminne innanfor Storanaset planområde. Men det ligg nokre område der frå før. Desse områda må ivaretakast i planmaterialet gjennom føresegner og kart (SOSI kode)

Det er viktig at det i arbeidet vert sett til Kulturminne plan for Bergen, og Riksantikvarens strategi for by- og stedsutvikling. Potensiale for ombruk av eksisterande bygg er interessant og ønskjeleg i eit miljø- og kulturhistorisk perspektiv.

Det er kulturminneverdiar knytt til holmen (utanfor planområdet Storanaset). Dette er registrert kulturminne som ligg i etablerte kulturminneregistre. Å byggje opp noko nytt i dette området, jf. tankar om bru kan verte vanskeleg å få gjennomført. Det er viktig å bevare strandlina og forslag om strandpromenade er i konflikt med bevaring av kulturminnemiljøet.

Området rundt Gamle Arna stasjon er godt dokumentert i kulturminnegrunnlaget frå 2015. Det er viktig at dette området ikkje fell mellom dei to planområda. Det representerer ein kvalitet som det er viktig å byggje vidare på. Ikkje sjå på dette området berre som eit problem, men også som ein ressurs.

### Henning Larsen/Rambøll:

Aspektet som ligg i gjenbruk av bygningar vil vurderast. Dette er trekt fram som eit viktig tema for den framtidige byutviklinga.


### BaneNor

Den gamle stasjonshagen er rusta opp, og det er gjennomført noko nyplanting. Dette kunne blitt vidareutvikla, kanskje til park. BaneNor er samd i at dette området er noko som kan verte meir brukt.

## Veg, mobilitet og kollektiv

### BaneNor

Gamle Vossabanen er diskutert direkte med Bergen kommune, og det er søkt informasjon frå andre tilsvarende saker t.d. i Numedalen der Jernbanetilsynet ikkje vil gje løyve til kryssing i plan i saker som dette. Bane NOR arbeider nå med å fjerne usikre planoverganger i et prosjekt som varer til 2027. Det må difor leggjast til rette for planfri kryssing. Dersom gangveg vert lagt om, og det berre vil gå biltrafikk gjennom krysset, kan det likevel vere mogleg å ruste dette opp. Føresetnaden er då at syklistar og gåande ikkje lenger går langs bana. Bilvegen er i dag dårleg og utrygg.



Arealet vest for elva som Bane Nor eig, har tidlegare vore nytta til fleire formål, mellom anna riggareal. Dette skal vidare nyttast som riggareal i 12 år framover, til utbyggingsprosjekt.

Figur 1 bildet viser BaneNor si eigedom vest for elva som skal nyttast til riggareal

Bergen kommune: Korleis kan arealbehov og lov- og regelverk for jernbane balanserast opp mot utviklingsomsyn? Det er behov for å undersøke dette nærare. BaneNOR var samd i dette og det vart opna for vidare undersøkingar og dialog.

av 4

#### VLFK - Mobilitet og kollektiv

Nullvekstmål og omsyn til kollektivknutepunkt må leggjast til grunn i planarbeidet:

Det vil verte viktig med gode gangliner og gode tilhøve for syklistar er også avgjerande for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikk. Det må utarbeidast ein trafikkanalyse.

Innfartsparkering må ikkje lokaliserast på svært verdifullt areal, og heller ikkje med for god lokalitet. Det er ikkje ynskjeleg at dei som bur nær lokale målpunkt tek desse i bruk sidan det ikkje vil bidra til å nå nullvekstmålet. Med dette følgjer også eit dilemma for planarbeidet, då det er mange som reiser frå område med lågt kollektivtilbod og er avhengig av bil for å nytte tog til sentrum frå Indre Arna. Dokumentet «Strategi for innfartsparkering» inneheldt prinsipp som må leggjast til grunn for det vidare arbeidet.

Storaneset områdeplan må tilpassast utviklinga i regionsenteret. Kollektivtilbodet er ikkje godt i dette området noko som er utfordrande i med omsyn til nullvekstmålet. Landskapsmessige tilhøve bidreg også til å gjere det utfordrande å legge til rette for gode tilbod for gange og sykkel.

#### VLFK - Infrastruktur og veg

Garnesvegen planarbeidet starta opp i 2013. Planforslag var på høyring i 2019. I dette planframlegget prioriterte alle trafikantgrupper i samsvar med vegnormalen, i eit godt gjennomarbeida planforslag frå SVV. Gjennomføringa av planarbeidet er utfordrande med omsyn til kostnader og areal løysingar. VLFK ved Infrastruktur og veg overtok planen frå SVV i 2021 og har arbeidd nærare med desse forholda. Resultatet er at arealinngrep og kostnader vert foreslått redusert gjennom ei løysing der veggen vert omklassifisert til overordna bustadgate i samsvar med gjeldande vegnormalar N100 (etablering av fortau og redusert fart 30-40 km/t for å kunne akseptere sykling i blanda trafikk). Det er dialog med Bergen kommune om denne planen.

#### Statens vegvesen

Innspel kan innhentast i etterkant.

#### **Oppsummering**

Planforum vart avslutta ved møteleiar Eva Katrine Taule som oppsummerte med at det er gjort eit omfattande og godt arbeid med dei to områdeplanane. Den grundig presentasjon av, og dei mange innspela viser at det er fortsett mange tema som kan drøftast og at det er viktige med tett dialog med dei ulike instansane i det vidare.